

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Deres ref.: **Vår ref.:**
2023/16436 - 118176/2023

Saksbehandler:
Nadia Nygård

Dato:
10.11.2023

INNSPELSRUNDE KNYTT TIL INNFØRING AV PAKKEFORLØP HEIM FOR KREFTPASIENTAR

Bakgrunn

Helsedirektoratet fekk i 2018 i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) å utarbeide pakkeforløp heim for pasientar med kreft. Pakkeforløpet gjeld for både vaksne, born og unge. Pakkeforløp heim skal gjera sitt til at pasienten sin livssituasjon og ulike behov for oppfølging blir avdekka, og rette merksemd mot kva som er viktig for den einskilde pasient.

I mars 2022 vart dei 18 kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde samde om å etablere ei arbeidsgruppe, som fekk i oppdrag å legge til rette for eit godt samarbeid om innføring av pakkeforløp heim, til beste for pasientar og brukarar. Arbeidsgruppa har vore samansett av brukar-representantar og tilsette frå både kommune- og spesialisthelsetenesta. Gruppa arbeide seg fram til ei skisse på korleis pakkeforløp heim kan innførast i Helse Bergen sitt føretaksområde, og frå vinteren 2023 har pakkeforløp heim vore testa ut for pasientar med hovud- og halskreft. Skissa vart presentert på ein workshop våren 2023 jamfør vedlagte oppsummering (Vedlegg 1).

Innspel på felles flytskjema og beskriving av forløp

På bakgrunn av lokalt arbeid med pakkeforløp heim - i både arbeidsgruppe og workshop - er det no utarbeidd eit ukast til flytskjema (Vedlegg 2) og beskriving av pakkeforløp heim i Helse Bergen sitt føretaks-område (Vedlegg 3). Innhaldet i utkastet er samkøyrert med dei andre helseføretaka i Helse Vest.

Utkasta som ligg ved søker å legge seg så tett opp til dagens praksis som mogleg, slik at ein gjer seg nytte av eksisterande og innførte rutinar for samhandling. Arbeidsgruppa ynskjer no innspel på vedlagte utkast innan 15. desember 2023.

Etter innspelsrunden vil beskriving og flytskjema eventuelt bli justert, før dei blir sendt ut og formelt godkjent av områdeutvala i Helse Bergen sitt føretaksområde i januar 2024.

Plan for vidare innføring

Helse Bergen vil starte opp med innføring av pakkeforløp heim for fleire kreftforløp framover. Det er eit mål at alle einingar med pakkeforløp for kreft skal ha starta opp med pakkeforløp heim innan utgangen av januar 2024. Kommunane i føretaksområdet må difor vere klare til å ta imot eit aukande tal av pasientar som eventuelt ynskjer pakkeforløp heim framover.

Vinteren 2024 vil det bli kalla inn til ein ny workshop med deltakarar frå kommunar, sjukehus og brukarar for å dele erfaringar med innføring av pakkeforløp heim.

Spørsmål knytt til innføringa framover kan rettast til følgjande personar for dei ulike områdeutvala:

- Nordhordland: Tove Kristin Sleire Tistel, kreftkoordinator (tove.kristin.sleire.tistel@austrheim.kommune.no)
- Bergensregionen: Tone Steinfeld, kreftkoordinator (tone.steinfeld@askoy.kommune.no)
- Voss: Kreftkoordinator Kirsti Buset (KIRSTI.BUSET@voss.herad.no)
- Bergen: Kreftkoordinator Anne-Britt Hauge (Anne-Britt.Hauge@bergen.kommune.no)

Seksjonsleiar Grete Lill Hjartnes (grete.lill.hjartnes@helse-bergen) eller seksjonsleiar Pål Ove Vadset (pal.ove.vadset@helse-bergen.no) i Helse Bergen kan også kontaktast.

Vennleg helsing

Randi-Luise Møgster
viseadministrerende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptatt av at informasjon, også taushetsbelagt, skal kunne sendes på en rask og sikker måte. Vi ber derfor om at et eventuelt svar på denne henvendelsen sendes gjennom en av disse kanalene:

- Privatpersoner og private virksomheter: [eDialog](#)
- Offentlige virksomheter: eFormidling (via eget sak-/arkivsystem)